

gjøre og at en lett kan vekke uvilje mot klubbarbeidet, ved å legge det helle for strengt og tungt an. Det gjelder bare om å finne det rette forholdet mellom arbeid og lek – slik at en kan få overført leken og idrettens konkurransemoment til arbeidet. Da er slaget vunnet.²¹

I starten var organisasjonen i stor grad innretta imot barn frå gardsbruk, men i nyare tid har han fått ein meir open profil med besøksgardar og aktivitetar i bynære strøk. Hesten har vore eit viktig 4H-dyr, etter at han gjekk over frå å vera trekkdyr til fritidsdyr. I 1979 vart Lindeberg 4H-gard ved Oslo starta med barn og unge i bymiljø som målgruppe. Frå slutten av 1960-talet starta ein ny vekstperiode, og fram til først på 1980-talet steig medlemstalet til 25 000 og talet på klubbar til 878 i 1985.²² Ein donasjon over ti år frå den amerikanske stiftinga W.K. Kellogg Foundation i 1969 til leiar trening var ei viktig innsprøying i organisasjonsbygginga. Landbruksamvirket har også støtta økonomisk opp om arbeidet til 4H.²³ Ved sida av leiar trening har leirar og tevlingar vore viktige 4H-aktivitetar i dei to seinaste tiåra.





RASJONELT LANDBRUK I DEN SOSIALDEMOKRATISKE ORDEN

Som nemnt har Berge Furre karakterisert epoken frå 1952 til 1977 som den sosialdemokratiske orden. Dette innebar mellom anna at organisasjonane samarbeidde med staten om eit blandingsøkonomisk kompromis. I denne forhandlingskulturen vart landbruket trekt inn, både ved Hovudavalen og gjennom ei omfattande marknadsregulering. Industrien var den prioriterte næringa og skulle vera motor i den økonomiske veksten. Landbruket måtte derfor rasjonaliserast, både for å frigjera arbeidskraft til industrien og for å auka produksjonen og skapa betre kår for dei som var att. Fagkunnskap og fagsyre skulle nyrast for å skapa eit rasjonelt landbruk. Målet var det berokräftige familiebruket. Men familiebruket i den meininga at det skulle gi arbeid og leveveg til heile familien, vart berre ei hildring for dei fleste.

Rasjonalisering og ny jordlov

Rasjonaliseringskomiteen slo i 1950 fast at rasjonalisering og effektivisering var eit hovudspørsmål for jordbruket.¹ I 1947 vart det oppnemnt ein jordlovkomité, som la fram innstilling i 1951. Jordlova av 1928



Ei side av rasjonaliseringa av landbruket var dei mange gardsbruka som måtte rike for å gi plass til kommunesenter og bygdebýar rundt i landet, slik som for sjukehuset i Førde (1975).

hadde i første rekke hatt eit sosialt siktemål. Den stigande arbeidsløysa og den sosiale nauda som følgde med, var med på å gi dei sosiale tankane større gjennomslagskraft. Fokus i jordlovsforlaget av 1951 var retta imot å gjera kvar einiskild gard til ei levedyktig bruksseining for familien. Den nye lova var etter grunnlege diskusjonar og høyringar vedtatt i mars 1955. I formålsparagrafen heiter det mellom anna at staten så langt råd skal «hjelpa til å skaffe jord til folk som vil eige og drive jordbruk», og bruka skal ha så stor vidde «at dei etter tilhøva er fullt store nok til å livnære ein husdyr».²

Nytt i lova av 1955 var at staten fekk forkjøpsrett til jordbruksseigdomar som kom på sal. Ved å nytte denne forkjøpsretten og selja han vidare til nabobruk kunne staten auke bruksstorleiken (ytre rasjonalisering). Dessutan kom det inn ein vanhevdparagraf (§ 53), som sa at all jord skulle haldast i hevd. Ved vanhevd av dyrka jord eller av omsyn til ytre rasjonalisering vart det opna for oreigning. § 54 slo fast at dyrka og dyrkbar jord ikkje må nyttast til formål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. Etter kvart som byar og tettstader voks, vart dette ein viktig paragraf for å verne om dyrkajorda. Det var også forbode å dele opp eigedomar som kan nyttast til jordbruk eller skogbruk utan etter samtykke frå fylkeslandbruksstyret (§ 55). Ved handaminga i Stortinget vart det vedtatt at fylkeslandbruksstyret skulle handheve forkjøpsretten på vegner av staten. Av dei tre nye paragrafane vart *jordbruksparagrafen* (§ 54) den som skapte mest politisk diskusjon og flest saker til forvaltinga i ettertid. Formuleringa om vern av dyrka og dyrkbar jord vart dessutan styrkt i Stortinget. Småbrukarlaget hadde ønskt sterkare prioritering av tilleggsjord til bruk med mindre enn 50 dekar, men fekk ikkje medhald. Ved samanslåing av bruk skulle bruk som kunne bli «berkraftige familiebruk», prioriterast. Av omsyn til eksportindustrien og skogsarbeidarane vart det heller ikkje gitt høve til ekspropriasjon av skog til mindre bruk.³

Storingsmelding nr. 60 (1955)

I 1955 la statsråd Olav Meisdalshagen (1955-56) fram den første storingsmeldinga om jordbrukspolitikk av den moderne typen.⁴ Arbeidet med meldinga gjekk over tre statsrådsperiodar. Det hadde starta under landbruksminister Rasmus Nordbø (1951-55), men debatten i Stortinget vart først gjennomført i februar 1957, under statsråd Harald Løbak (1956-60). Meldinga er eit optimistisk dokument som hyllar produksjonsauken og framstega i jordbruket under dei ti åra Arbeidarpartiet hadde sete med makta. Statistikken viste at det no berre var Nederland, Belgia og Vest-Tyskland i Europa som bruka meir kunstgjødsel pr. dekar

enn Noreg. Når det gjaldt traktordeking, var det berre i Storbritannia, Sveits og Sverige at kvar traktor hadde eit mindre areal å fara over.

Departementet foreslo at produksjonsmålet burde vera å «dekke landets behov for melk, smør, ost, kjøtt, fleisk og egg.» Når det gjaldt frukt, bær og grønsaker, burde «størst mulig del av behovet dekkjes», mens «en så stor del av kornbehovet som forsvartlig bør dekkjes ved egen produksjon». «Husdyrproduksjonen må baseres på norske førmidler, så langt som mulig.»⁵ Dette produksjonsmålet vart ståande for resten av det tjande hundreåret.⁶ Landet skulle vera sjølvforsynt med husdyrprodukt, men regjeringa såg ikkje for seg noen vesentleg auke i den generelle sjølvberginga, som på dette tidspunktet var om lag 50 prosent. Det vart åtråva imot at jordbruket skulle ha ein bufferfunksjon på arbeidsmarknaden, slik at næringa vekselvis skulle ta imot og gi frå seg arbeidskraft. Tanken frå bureisingstida om at landbruket skulle avhjelpe arbeidsløysa, var no oppgitt for godt. Målet skulle heller vera å bygge ut

flest mulig bruk til selvstendige enheter [...]. Målsettingen krever en betydlig nydyrking og intensiv drift av landets jord [...]. Beredskapsensynet gitt seg utslag i et ønskemål om høyere produksjon på områder hvor våre forsyninger er avhengig av import. Særlig gjelder dette korn, kraftfôr og fett.⁷

I ei oppsummering vart det slått fast: «Jordbrukspolitikken må legges opp med sikte på trygge kår for jordbruksbefolkningen, størst mulig beredskap og sparing av valuta til jordbruksvarer.»

Om strukturpolitikken vart det sagt at

det er liten hensikt i å øke størrelsen på et støttebruk, dersom det derved kommer opp i en uheldig mellomstørrelse [...]. Utbygging av bygdens næringsliv må i stor utstrekning bli den økonomiske løsning for støttebrukene. Også for mange av de selvstendige jordbruk må det finnes en løsning ad denne vei.

Dette måtte ha vore ein kaldusj for småbrukarfraksjonen i Arbeidarpartiet, der draumen om familiebruket også for dei mindre bruka enno sto sterkt. No var målet med strukturpolitikken å «øke størrelsen på økonomisk selvstendige bruk», slik at dei jamt over kunne koma opp i ein storleik på 75 dekar eller meir. Dette skulle skje ved tilføring av tilleggsjord, ved nydyrking eller eventuelt ved tilføring av skog.

Landbrukskomiteen sa seg elles sandt i målet om å skapa bruk på over 75 dekar, men eit mindretal frå Bondepartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre var misnøgd med at meldinga sa svært lite om økonomisk jam-

stilling for jordbruksbefolkninga.⁸ Dei sakna også ei drøfting av tiltak for å lette omsetninga av jordbruksprodukt og ei vurdering av eksportrutistene. Dei bad om ei intensivering av arbeidet med å bygge foredlings- og reguleringsanlegg for å sikre jamn innanlandsk forsyning og stabile prisar. Det borgarlege mindretalet etterlyste også ei meir inngående handanning av yrkeskombinasjonane og i den samanhengen skogen og skogreisninga. Kommunistpartiet sin medlem i nemnda, Hølvold, ville ha eit tårnsprogram for utvikling av jordbruket for å skapa ro om næringa og trygge grunnlaget for ei planlegging på lang sikt. Partiet ville dessutan ha eit nydyrkings- og bureisingsprogram for å «begrense flukten frå landsbygda».

Departementet slo fast at det var nødvendig å utvide korproduksjonen for å unngå overproduksjonen av husdyrprodukt. Både av jordbruks- økonomiske og samfunnsøkonomiske grunnar var det derfor forsvarleg med ein relativt høg kornpris. For å styrkje produktionsgrunnlaget foreslo meldinga likestilling mellom nydyrking på bureisingsbruk og på «eldre bruk», og det vart foreslått å heve støttesatsane for nydyrking og grøfing.⁹ Det vart vidare foreslått å opprette eit fond for støtte til driftsbygningar. Under handsanninga i landbrukskomiteen vart desse forslaga støtta av ein samrøystes komité. Fleirtalet i komiteen reiste i tillegg forslag om silotrygd for Nord-Noreg, typiske fjellbygder og visse kyst- og fjordbygder. Forslaget hadde kome frå 20 småbrukarlag i Østerdalen like etter krigen, etter eit initiativ frå Dalsbygda i Os kommune. Landbruksdepartementet hadde avvist forslaget, men komitéfleirtalet ville det annleis, og fjellbygd- og småbrukarinteressene vann fram.

Dei borgarlege partia klaga som nemnt over at meldinga ikkje sa noe om økonomisk jamstilling. Ivar Hognestad, formann i landbrukskomiteen og DNA sin fraksjonsfører, observerte at seks år etter at Jamstillingskomiteen la fram innstilling i 1951, hadde ingen reist forslag med sikte på å realisere jamstillingsmålet. «Jeg anser [...] problemet uløselig,» slo han fast.¹⁰ Hognestad gjorde også merksam på at overproduksjonen for husdyrprodukt skrtev seg frå importert kraftfôr. Hans Borgen la fram eit forslag på vegner av Bondepartiet som krevde at regjeringa skulle legge fram «forslag til politisk bindende vedtak – eventuelt i lovs form – for en økonomisk målsetting for jordbruket som kan sikre utøveren en forvarlig inntekt».¹¹ Forslaget inneheldt også eit punkt om å «skaffe avsetning for overskuddsproduksjonen av melkeprodukt, kjøtt og egg» og eit punkt om løysing av «pensjons- og feriepørsmålet for jordbruksbefolkninga». Feriepørsmålet vart reist med bakgrunn i at lønnsaktarar frå 1948 hadde hatt tre vekers lovfasta ferie.

Høgre på si side ville at regjeringa skulle fremja ei jordbrukslov «med sikte på å skape en omsetningsordning som sammen med andre tiltak kan sikre trygge økonomiske kår for jordbruksnæringen». Tankegangen

bak Høgre sitt lovframlegg var at «lønnsomhet skulle sikres gjennom effektive avsetningsgarantier».¹² Forslaget var nok langt på veg ein rein demonstrasjon, ettersom Høgre var på veg bort frå si jordbruksvenlege linje frå dei første etterkrigsåra. Det var nettopp i perioden 1956–57 at leiarskapen i partiet under indre strid degraderte landbruket frå «modernæring» til «bygdæring» og deretter vart meir industrivenleg enn jordbruksvenleg.¹³ Hausten 1947 hadde partiet støtta finanskomiteen si fleirtalsinnstilling om jamstilling, men agrafløya i Høgre med Chr. Holm og Alv Kiøs i spissen kom under press og sprakk på 1950-talet. Ei forklaring kan vera at partiet ikkje fekk uttelling i form av røyster på bygdene. Den nasjonale og internasjonale overproduksjonen av jordbruksvarer gjorde også sitt. Høgre orienterte seg no bort frå ei tradisjonalistisk og jordbruksvenleg linje til å konkurrere med Arbeidapartiet om å vera modernistisk og industrivenleg.

Liv Tomter (DNA) la i debatten vekt på at utbygginga av infrastruktur i bygdene var avgjerande for «å utsette noe av den trishet og motløshet som kanskje finnes blant ungdommen i jordbruket i dag».¹⁴ Etter det Tomter hadde høvrt og sett på reisene sine, var det ikkje

så meget å klage over når det gjelder selve jordbruket [...], men det som teller for disse menneskene var at de kunne få skikkelige veier, eller veier i det hele tatt. Det andre store problemet de hadde, var at de manglet elektrisk kraft, eller hadde for lite av den elektriske kraften, og mange steder hadde de ingen skikkelig vannforsyning.

Derre var ei av dei få kvinnelege stemmene i debatten, og det er eit vitnemål om korleis store delar av den norske landsbygda enno ikkje hadde fått del i velstandsauken og moderniseringa.

Heile 57 representantar bad om ordet, og den store oppslutninga om debatten i Stortinget viser kor viktig jordbruket i Noreg enno var i 1957. Debatten om Stortingsmelding nr. 60 (1955) markerte samtidig eit tidskilje. Han sette eit endeleg punktum for den sosiale jordbrukspolitikken med støtte til bureising og opperting av nye småbruk. No skulle landbruket tilpassast industrivestren og bli rasjonelt, moderne og lønnsamt i pakt med politikken og mentaliteten i tida. Dette var nok sagt før av Erik Brofoss og andre, men fram til midten av 1950-talet hadde småbrukarfraksjonen i Arbeidapartiet halde stand i ein slags opphaldande indre Ap-strid, i alle fall på der retoriske planer. Den sterke satsinga på «økonomisk selvsentende bruk» over 75 dekar sto i motstrid til tanken om indre utjaming som regjeringa Nygaardsvold hadde fremja 20 år før. Asbjørn Solberg frå KrF illustrerte dette tids skillet i stortingsdebatten med å fortelja frå eit møte med ein nybrottsmann og kona hans:

på landbrukskomitéens befaring sist sommer traff jeg en eldre nybortsmann. Han og kona hadde ryddet og brukt opp 42 mål og hadde bygd opp alle husene, som etter alminnelige krav var både store nok, og gode nok og pene nok, og det var dyringsjord i massevis. Da gamlingen fortalte at det eneste barnet de hadde, en gutt, hadde reist ut og ikke ville overta gården, gråt han.¹⁵

Det er ikkje sikkert at kona gret. Styresmaktene burde heller ikkje gråte. Dei unge tok signala og flytta til ei framtid som industriarbeidarar eller funksjonærar i vekstnæringane. Det politiske startskottet for strukturomlegginga kom med nasjonalbudsjettet i 1947. Men den store nedlegginga av bruk var ennå ikkje i gang. Og det var først ved generasjonskiftet at verknaden av strukturrepa i jordlova ville slå ut for fullt. Krefte som skruva og drog folk vekk frå landbruket, verka i same lei og vart no forsterka.

Nye tankar for den nye tida

Med grunnlag i jordlova av 1955 og Stortingsmelding nr. 60 (1955) var strukturreforma for det levedyktige familiebruket overført til praktisk politikk. Detaljane og verkemidla vart utmeisla under arbeidet i Jordbrukskomiteen av 1956 (Eskelandkomiteen). Her vart det vist til at arbeidskrafta i jordbruket var redusert med $\frac{1}{3}$ frå 1939 til 1956. Komiteen fekk gjennomført ein analyse i ni bygder over heile landet, som viste at om lag halvparten av bruka i desse bygdene ville bli lagde ned eller ville vera «støttebruk eller overgangsbbruk». Komitefeiralen konkluderte med at verkemidla måtte rettast inn mot å skapa rasjonelt drivne familiebruk.¹⁶

Når det galdt den regionale fordelinga av produksjonen, følgde Eskelandkomiteen opp det som alt var lagt til rette gjennom prispolitikken i jordbruksavtalane først på 1950-talet. Komiteen slo fast at produksjonen skulle kanalisert til det som vart kalla «naturlige produksjonsområde», slik at kornproduksjon i dei gode jordbruksområda kunne avlaste presset på marknaden for kjøtt- og mjølkeprodukt. I mellomkrigsrida hadde havnen dominert av kornslaga, men på 1950-talet skjedde det ei omlegging til bygg etter som skutteskaren tok over kornhausinga.

Jenny og Magnus Matland frå ei av øyane ysti i Sognefjorden hadde enno i 1957 von om at sonen som hadde reist til Amerika, skulle koma att og ta over bruket. Den amerikanske fotografen vart spurd om å ta eit bilete av fjordhesten som sonen hadde vore så glad i. Kanskje synet av den ville få han på andre tankar...



Sjølv om innstillinga frå Eskelandkomiteen ikkje vart sett endeleg ut i livet før med St.meld. 64 (1963-64), vart tankegrunnlaget lagt alt midt på 1950-talet. I DNA miste den småbrukarvenlege fløya gradvis makt, og i retorikken frå partiet var det det rasjonelt drivne familiebruket som var leiarsjerna. Dette vart særleg tydeleg under striden om Småbrukslærarskolen på Sem i Asker, som vart nedlagd trass i sterk motstand frå småbrukarfløya i partiet. Landbruksminister Olav Meisdalshagen la i 1956 fram proposisjonen om den høgare landbruksopplæringa med sikte på å halde på to skolar: Landbrukskølskolen og Småbrukslærarskolen. Dette var stikk i strid med innstillinga frå Rasjonaliseringskomiteen, og Meisdalshagens proposisjon vekte stor indre strid i partiet. Da Harald Løbak vart statsråd i 1956, trekte han proposisjonen, og fremja nytt forslag i 1958, der han gjekk inn for full samanslåing. Lov om samanslåing vart fremja våren 1961, men regjeringa Gerhardsen trekte framlegget kort tid etter, mellom anna fordi dei var redde for å misse røyster på bygdene ved stortingsvalet same hausten.¹⁷ På det nye Stortinget var det eit klart flertal for samanslåing, som vart gjennomført frå 1. januar 1963. Thorstein Treholt fekk likevel med seg både ein tredjedel av Ap-gruppa og Sp-hovdingen Jon Leirfall på å gå imot innstillinga frå eigen statsråd.

Da Meisdalshagen døydd i stortingsalen i 1959, miste bygdefløya i Arbeidarpartiet ein markert leiartype. Både som finansminister (1945-51), landbruksminister (1955-56) og formann i NKL (1953-55) var valdrisen Meisdalshagen ein tung politiskar som sto sterkt i stortingsgruppa. Anton Beinset i Dagbladet karakteriserte Meisdalshagen som «sunt bondevett i egen høye person».¹⁸ Trygve Bull seier at han hadde «et sikkert instinkt for hvordan det store flertall av det norske folk, og særlig på bygdene og i de såkalte utkanstrøk, følte og tenkte».¹⁹ Det var Meisdalshagen som hadde ført budsjettmerkandene frå finanskomiteen i penen, det såkalla jansstillingsvedtak av 1947.²⁰ Men til liks med mange andre partifolk frå bygdene opplevde han ein stigande frustrasjon over DNA sin politikk på 1950-talet. Dei fleste var lojale, men tidlegare landbruksminister i ti år, Hans Ystgaard, var lokal leiar for ein prisskisjon.²¹ Mot slutten av 1950-talet tok Oslo-fløya gradvis den indre styringa i partiet. «Utpatta portfellesk» var eit favorittuttrykk Meisdalshagen nytta om den ideologiske utviklinga i partiet i desse åra.²² Sunnmøringen Olav Oksvik var ein annan strid bygdetsmann, men han gjekk ut av politikken alt i 1951 og vart fylkesmann i Møre og Romsdal. Pedet Jacobsen frå Troms var både småbrukarlagsleiar og president i Odelstinget. Men Jacobsen var ein meir lojal type enn dei svært sjølvstendige Oksvik og Meisdalshagen.

På 1960-talet tok Thorstein Treholt gradvis over som sentral landbruksleiar i Arbeidarpartiet. Treholt hadde gått gradane, både i landbruket og i partiet. Han hadde mellom anna vore elev ved Statens små-

brukslærarskole, kontrollassistent og overassistent i Lom og Skjåk Dampyreri, heradsagronom i Brandbu, reiseinspektør i Driftskreditkassen og endeleg rektor for Valdres landbrukskole på Leira før det vart politikk på heilid. Som Dagbladet skreiv i eit intervju med Treholt i 1975: «Det kommer ikke bedre landbruksfolk til Arbeidarpartiet fra bygdene nå til dags.»²³

Men mange i partiet var uroa over nedbygginga av småbrukslærarbruket, særleg i fjellbygdene og i Nord-Noreg. Eit småbrukarvenleg initiativ vart tatt med Fjellbygdkomiteen av 1954 under leining av stortingsmann Reidar Aamo frå Os i Østerdalen.²⁴ Innstillinga frå komiteen i 1958 foreslo å stimulere interessa for å skaffe meir høgevridig fôr ved ensling av gras og grøntor. Stenaden til silobygg burde hevaast, og dessutan ville komiteen ha meir propaganda om riktig ensling.²⁵ Elles var komiteen opptatt av å få betra tilgangen på kapital til fjellbygdene. Eit forslag om eit *fjellbygdfond* som skulle finansierast ved ei ekstra avgift på elektrisk kraft, vart aldri gjennomført. Sett i ettertid ville eit slikt fond av kraftinnetektene ha kome mange fjellbygder til del og ikkje berre kraftkommunane, slik det vart.

Kunnskap for eit meir produktivt jordbruk

For å trappe opp og få meir styring med agronomisk forskning vart Noregs landbruksvitenskaplege forskingsråd (NLVF) oppretta i 1949, etter modell frå organiseringa av den teknisk-naturvitenskaplege forskinga. Opprettinga av NLVF var også inspirert frå USA. NLVF verka som ei vitamininnsprøying for landbruksforskninga og gav nytt liv til gamle og nye miljø. I den første etterkrigsstida prøvde ein frå første stund å innpasse landbruket i det sosialdemokratiske plan- og styringsprosjektet. Noregs landbruksøkonomiske institutt er alt nemnt, ei anna viktig brikk i det sosialdemokratiske styringsprosjektet for norsk landbruk. Instituttet fekk som ei av sine oppgåver å utvikle kunnskap for landbrukspolitisk handling. Til det var ikkje ærverdige institusjonar som Selskapet for Norges Vel og Noregs landbrukskølskole brukande, det måtte klappare og meir moderne institusjonar til. Budsjettammene ved NLI hadde vore tronge i heile mellomkrigsstida. Etter krigen var bygningssmassen dårleg, det tekniske utstyret var forelda og nedslitte, og det var mangel på kvalifiserte forskarar. Det var ikkje utbygd noe rekrutteringssystem, og på viktige område mangla det enno institusjonar.

Landbruksvitenskaplig institutt (LVI) vart oppretta på Ås i juli 1947 for å drive forskning og utprøving av teknisk utstyr i tillegg til rådgiving og undervisning i maskinteknikk. Initiativet kom i desember 1945 i eit felles brev